



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4600 - 16/33495

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2016

Ferdigattest einebustad - gbnr 239/122 Eknes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 583/16

Tiltakshavar: Jonny Totlandsdal

Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.10.2013. Ansvarleg søkjar har gjort greie for endring av ansvarsrett for murerarbeid, herunder våtrom og ildstad. Det er utarbeidd oppdatert gjennomføringsplan datert 24.11.2016.

For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad om ferdigattest motteken 24.11.2016.

Skildring

Adresse:	Kaldalen 12
Bygningstiltak:	Einebustad med garasje
Bygningsnummer:	300073585
Bruksareal:	126m ²
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad med garasje på gbnr 239/122. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4600

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jonny Totlandsdal

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN